

**Småkraftproduksjon har mange utfordringar som Senterpartiet må arbeide politisk med, heldt Elin Legland frå Uskedalen fram under landsmøtet i Senterpartiet.**

Ho streka under at partiet må ta ansvar for vidare utbygging og tilkoplingsmuligheter av nett, samt rimeleg fordeling av kostnadane ved slik utbygging. Tilkoplingskostnadane må ikkje vere så høge at dei set planlagde prosjekt i fare.

Småkraftproduksjon må ha rimelege vilkår for vurdering av eigedomsbeskatning. Dersom beskatninga vert fastsett på bakgrunn av totale investeringskostnader, risikerer vi å få småkraftanlegg der ein bruker minst mogleg ressursar på tilrettelegging og stell av natur og bygningar. Vi vil ikkje straffa utbyggjar for å lage velstelte anlegg, presiserar Legland,

Einmå sjå på dei totale premissane for nyetablering i småkraftnæringa, og arbeide for redusert behandlingstid på søknadane. Konesjonstildelinga er viktig for vidare utvikling, og for å nytte ressursane. I høve til innovasjon og teknologiutvikling, som er ei stor sekundærnæring til småkraft, er nye prosjekt viktig. Innføringa av grønne sertifikat var eit godt tiltak, med Senterpartiet i spissen.

Dette gjev økonomisk støtte til nye prosjekt.

Næringa opplever likevel at det er urimeleg at ikkje alle fekk ta del fullt ut i denne ordninga. Dette bør Olje- og energidepartementet ta omsyn til i vidare arbeid med premissar for småkraftutbygging.

Småkraftprodusentane er med på å halde næringsgrunnlaget oppe i distrikta, og leverer miljøvennleg, fornybar og berekraftig straum.

Her må vi ta næringa på alvor og bidra med premissar og rammevilkår som støttar, understreka Legland.